

**Rekneskapsrapport pr september - oktober 2020**

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
20/9594

JournalpostID:
20/62356

Saksnr:	Utval:	Dato:
167/2020	Bjørnafjorden formannskap	01.12.2020
162/2020	Bjørnafjorden kommunestyre	15.12.2020

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 01.12.2020 - 167/2020

1. Kommunestyret tar rekneskapsrapport pr september – oktober 2020 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort følgjande endringar i driftsbudsjettet:
 - Budsjettet for skatteinntekter blir redusert med kr 18.000.000 med dekning i auka rammetilskot.
 - Budsjettpost vedr husleige i Sambygg kr 776.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Stab.
 - Budsjettpost vedr tidlegare Fusa Asvo AS kr 603.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Helse og velferd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar rekneskapsrapport pr september – oktober 2020 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort følgjande endringar i driftsbudsjettet:
 - Budsjettet for skatteinntekter blir redusert med kr 18.000.000 med dekning i auka rammetilskot.
 - Budsjettpost vedr husleige i Sambygg kr 776.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Stab.
 - Budsjettpost vedr tidlegare Fusa Asvo AS kr 603.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Helse og velferd.

Bjørnafjorden, den 14.11.2020

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 15.12.2020:

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar rekneskapsrapport pr september – oktober 2020 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort følgjande endringar i driftsbudsjettet:
 - Budsjettet for skatteinntekter blir redusert med kr 18.000.000 med dekning i auka rammetilskot.
 - Budsjettpost vedr husleige i Sambygg kr 776.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Stab.
 - Budsjettpost vedr tidlegare Fusa Asvo AS kr 603.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Helse og velferd.

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 01.12.2020:

Behandling:

Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas svara på spørsmål frå representantane. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar rekneskapsrapport pr september – oktober 2020 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort følgjande endringar i driftsbudsjettet:
 - Budsjettet for skatteinntekter blir redusert med kr 18.000.000 med dekning i auka rammetilskot.
 - Budsjettpost vedr husleige i Sambygg kr 776.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Stab.
 - Budsjettpost vedr tidlegare Fusa Asvo AS kr 603.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Helse og velferd.

Samandrag av saka:

Rekneskapsrapporten gjev ein status over den økonomiske stoda i kommunen.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Saka omhandlar økonomi men blir lagt fram som ei orienteringssak.

Klima: Saka har ikkje direkte konsekvensar for klimaet.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Folkehelse: Saka har ikkje direkte konsekvensar for folkehelsa.

Saksframlegg:

Oppsummering

Alle sektorane er i større eller mindre grad prega av Korona pandemien og dei utfordringane den har ført med seg gjennom året. Sektorane har vist stor evne til fleksibilitet i arbeidsmetodar for å få levert tenester under nye og utfordrande forhold. Økonomisk har kommunen så langt klart seg godt gjennom denne krisa. Meirutgifter i sektorane er i stor grad dekkja inn ved intern omfordeling av ressursar og stram økonomistyring. Pleie- og omsorgstenesta, som har hatt dei største meirutgiftene vedr Korona, har hatt eit SIO fond som dekker meirutgiftene. Alt dette har gjort at kommunen har tilstrekkeleg midlar til å dekke reduserte skatteinntekter som følgje av pandemien. I tillegg gjer lavt rentenivå og lavere utgifter til pensjon og arbeidsgivaravgift sitt til at kommunen ser ut til å avslutte året med eit pent overskot. Dette vil gjere kommunen litt meir robust i møte med utfordringane i åra som kjem.

Frie inntekter

Prognose: Frie inntekter ser ut til å få ein meirinntekt på vel 10 mill. kr i 2020.

a. Rammetilskot

Som kjent har rammetilskotet til kommunen blitt auka fleire gonger gjennom året, både som følgje av tiltakspakker i samband med Korona pandemien, men og gjennom auka tiltak i revidert nasjonalbudsjett og andre forhold. Dei fleste tiltaka som kom i revidert nasjonalbudsjett har kommunen nytta til å styrke sektorane sine driftsrammer. Ekstra skjønsmidlar til førebygging av flaum kr 1.500.000 er vedtatt brukt til finansiering av investeringsprosjekt 7280 – Elvelia Bru, Markhusvegen. Når det gjeld tiltakspakker i samband med koronapandemien, er kr 5.358.000 overført til sektor Oppvekst som kompensasjon for redusert foreldrebetaling for barnehage- og SFO opphald. Det same gjeld tiltak overfor sårbare barn. Øvrige tiltakspakker er haldne i reserve for å demme opp for venta redusert skatteinngang. Vi kan sette opp følgjande oversikt:

Korona tiltakspakker	År 2020	Fordelt til sektorane	Halde i reserve
Krisepakke Corona april 2020, egen utbetaling	17 768 000	-	17 768 000
Ekstra skjønn vedr Corona termin 05	823 265	-	823 265
Kompensasjon bortfall av foreldrebetaling bhg/SFO termin 05	5 358 000	5 358 000	-
Kompensasjon bortfall av skatteinntekter pga endring i reglar	2 417 000	-	2 417 000
Skjøn frå fylkesmannen oktober (TISK)	1 340 000	-	1 340 000
Skjøn frå fylkesmannen oktober - komp ekstra utgifter	930 000	-	930 000
Tiltak sårbare barn (revidert nasjonalbudsjett)	672 000	672 000	-
Sum	29 308 265	6 030 000	23 278 265

Kommunen har og fått tildelt kr 2.000.000 i ekstra skjønsmidlar til nye kommunar som har fått utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåinga.

b. Skatteinntekter

I statsbudsjettet for 2020 blei det rekna med ein skattevekst for kommunane på 1,3% i 2020. I revidert nasjonalbudsjett blei veksten justert ned til minus 1,4%. I framlegg til statsbudsjett for 2021 er veksten for 2020 justert til minus 0,3%, altså ein del betre enn det ein så for seg i sommar. Pr september var skatteveksten for kommunesektoren minus 0,1% og minus 0,2% for Bjørnafjorden kommune. Pr oktober var skatteveksten minus 0,1% for Bjørnafjorden kommune; tal for kommunesektoren er ikkje klar enno. Dersom vi legg til grunn regjeringa sitt siste overslag for skatteveksten for 2020 (-0,3%), kan vi vente ei mindreinntekt på kr 17.870.000 for 2020 (skatt og skatteutjamning). Beløpet er ein prognose.

c. Andre generelle inntekter

I budsjettet for 2020 er det budsjettert med andre generelle inntekter:

- Reformtilskot frå staten (kr 21.600.000)
- Utdeling frå Havbruksfond (kr 20.652.000)

Kommunen har mottatt reformstøtte frå staten på kr 22.314.000, altså kr 714.000 meir enn budsjettert. Kommunen har mottatt kr 22.608.000 frå Havbruksfondet, altså kr 1.956.000 meir enn budsjettert.

Finans

Prognose: Finansområdet ser ut til å få ei innsparing på ca. 18,5 mill. kr i 2020.

Rentenivået er framleis lavt, men har auka noko dei siste dagane i oktober. Styringsrenta i Noregs Bank er 0%. Rentenivået er venta å halde seg lavt ei god stund framover som følgje av verknadene koronapandemien har på verdsøkonomien. Lave renter slår positivt ut for finansutgiftene, og vi forventer ei innsparing på renter og andre finansrelaterte utgifter på vel 10.000.000 kr i 2020. Lave renter slår i utgangspunktet negativt ut for renteinntektene, men god likviditet, god bankavtale og plasseringar i pengemarknadsfond drar i motsett retning. Kommunen har og fått aksjeutbyte på kr 4.620.000 meir enn budsjettert (BIR og Fusa kraftlag), og samla venter vi at finansinntektene får ein meirinntekt på ca. kr 8.500.000 i 2020.

Det er då ikkje tatt omsyn til kommunen sin langsiktige finansportefølje. Pr oktober var avkastninga positiv med kr 1.989.398 tilsvarande 0,6%. Det er ikkje budsjettert med avkastning på finansporteføljen, og avkastninga – enten den er positiv eller negativ - vil bli ein del av kommunen sitt resultat.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kalkulatoriske inntekter vedr sjølvkostanlegg (ca 50 mill. kr) er ikkje ført enno.

Sektorane

Ved utgangen av oktober 2020 er det ført utgifter på kr 23.922.514 som er merka med Korona. Rapport om dette er sendt til fylkesmannen.

Sektor Fellesområde

Prognose: Sektor Fellesområde ser ut til å få ei innsparing/meirinntekt på minst 11 mill. kr i 2020.

Det blei i revidert nasjonalbudsjett vedtatt ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta for 3. termin 2020 med 4%. Innsparinga for Bjørnafjorden kommune blir nærare 9 mill. kr og er ført på Fellesområde. 2019 var eit godt år for KLP, og kommunens premiefond er tilført over 5 mill. kr meir enn budsjettet i 2020. Administrasjonen held på å gå igjennom opningsbalansen for Bjørnafjorden kommune. (Opningsbalanse = utgåande balanse for dei to kommunane). Ev udokumenterte postar frå UB 2019 vil måtte tapsførast. I prognosen har vi «halde av» 3 mill. kr til dette, men det er vanskeleg å estimere beløpet før gjennomgangen er ferdig. Unytta midlar vedr årets lønsoppgjer vil bli sett av på fond, ref vedtak i 2. tertialrapport. Det lave lønsoppgjer vil medføre lavere utgifter til pensjon, men beløpet blir først avstemt i årsavslutninga og vi har ikkje ferdig eit beløp no.

Sektor Stab

Prognose: Sektor Stab ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 3,5 mill. kr i 2020.

Som meldt i 2 tertialrapport har Stab har hatt store «oppstartskostnader» i samband med etablering av den nye kommunen. Dei tilsette måtte jobbe mykje ekstra for å få på plass system og strukturer for at datakommunikasjon, lønsutbetalingar, rekneskapsføring mv skulle fungere. Nye lokale har blitt klargjort i samband med drift på begge sider av fjorden. Sektoren vil ha innsparing på nokre postar som kurs, samlingar og reiser, og god kompensasjon i samband med utsett overføring av skatteavdelinga til staten. Dette vil dekke ein del av nemnte meirutgifter, men vil ikkje vere nok til å dekke store IT-relaterte utgifter, m.a. til programvarelisensar og utstyr.

Sektor Oppvekst

Prognose: Sektor Oppvekst ser ut til å gå i balanse i 2020.

Skuleområdet ser ut til å drifte i balanse i 2020 etter eit krevjande år der nye undervisningsplattformer verkeleg har blitt testa ut. Ein del skular hadde for høgt lønsforbruk i vårsemesteret, og det har vore arbeidd med tiltak for å redusere meirforbruket. Sjølv om enkelt - skular vil få meirforbruk i år er det mindreforbruk på Fellestiltak skular (m.a. til skuleskyss) som vil vere stort nok til dekke dette. Også barnehageområdet ser ut til å gå i balanse i 2020: Tilretteleggingstilskot etter §19g har eit overforbruk på 2 mill. kr, men ser ut til å kunne dekkast ved innsparing i andre deler av barnehagebudsjettet. Tilskot til private barnehagar vil halde seg innafor budsjettamma i 2020. Også Barneverntenester, PPT og Førebyggjande helstetenester ser ut til å gå i balanse i år.

Sektor Helse og velferd

Prognose: Sektor Helse og velferd ser ut til å gå i balanse i 2020.

Sektor Helse og velferd er den sektoren som har hatt høgaste meirutgifter i samband med korona pandemien. Det er gjort vedtak om å bruke delar av SIO1 fondet til å dekke

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

meirutgiftene i pleie- og omsorgstenesta. Ut over Korona relaterte tiltak har tenestene innfor SIO ein generell auke i utgiftene. Dette gjeld særleg Tilrettelagte tenester for vaksne, men og kommunal tenesteyting utført av private, til dømes Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA), vil få relativt store meirutgifter. Meirutgifter innafor SIO-området vil bli dekkja av statstilskot som blir ført på ansvar 300. For tenester utanfor SIO området så vil legevakta få meirutgifter på minst 3 mill. kr i samband med prøvetaking av covid-19. Det ser ut til at reduserte utgifter i andre helserelaterte tenester og NAV kan veie opp for meirutgiftene i legevakta og at sektoren vil gå i balanse.

Sektor Samfunnsutvikling

Prognose: Sektor Samfunnsutvikling ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 2 mill. kr i 2020.

Brann- og redning har innført ny vaktordning i 2020 og har samordna stillingsprosentar og vakttillegg. Dei har hatt mange utrykkingar og eit etterslep i budsjettet vedr 110-sentral og naudnett. Samla er det venta eit meirforbruk på 2,7 mill. kr. Sjølvkostområda Byggesak og Kart-og oppmåling vil få reduserte gebyrinntekter. Noko kan dekkast inn ved lavere utgifter, men netto manglar om lag 1,6 mill. kr. Sjølvkostområda Vatn og Avlaup vil bli avslutta i balanse. På Prosjektavdelinga er det framleis ført lønsutgifter som må omposterast til investeringsrekneskapen. Samferdsle har fått meirutgifter i samband med ras, men voner likevel å gå i balanse, ev ved bruk av avsette fondsmidlar. Eigedom drift har meirutgifter til reinhald som følgje av pandemien, men reduserte straumutgifter og vinst vedr sal av konsesjonskraft meir enn veg opp for dette og kan dekke noko av meirforbruket i andre delar av sektoren. Beløpa under Investeringsprosjekt er feilføringar som skal omposterast.

Budsjett regulering

Kommunedirektøren foreslår å gjere nokre endringar i budsjettet for 2020.

- Budsjettet for skatteinntekter blir forslått redusert med kr 18.000.000 med dekning i auka rammetilskot, slik at budsjettet blir meir i tråd med forventa rekneskapstal.
- Ein budsjettpost vedr husleige i Sambygg kr 776.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Stab v/Dokumentsenteret som får rekningane for dette lokalet.
- Budsjettpost vedr tidlegare Fusa Asvo AS kr 603.000 blir flytta frå sektor Samfunnsutvikling til sektor Helse og velferd som betaler ut tilskotet til Asvo AS Bjørnafjorden.

Bjørnafjorden, den 14.11.2020
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef